

## Metoderapport

### *”Da dopet tok dyden på småbyen”*

Serie på 25 reportasjer i Romsdals Budstikke

1.

**Journalister:** Anita Vingen og Svein Bjørnerem

2.

**Tittel på prosjektet:** Temaserie: RUS

3.

**Hvor og når publisert:** Romsdals Budstikke i perioden 22.01.2003 \_ 25.02.2003

4.

**Redaksjon/adresse:**

Romsdals Budstikke

Romsdalsgata 15

Postboks 2100

6002 Molde

Tlf: 71250000

5.

**Journalistens adresse/telefonnummer:**

*Anita Vingen:*

e-post: [anita.vingen@r-b.no](mailto:anita.vingen@r-b.no)

*Svein Bjørnerem:*

e-post: [svein.bjornerem@r-b.no](mailto:svein.bjornerem@r-b.no)

Tlf: Mob. 952 99623 Priv. 712 18161

Tlf: Mob. 995 49890 Priv. 712 55327

6.

**Redegjørelse for arbeidet:**

A) Slik kom arbeidet i gang

Ideen til serien om rus i Romsdals Budstikke kom som resultat av fleire ting. Svein jobba med ei sak om ein rusmisbrukar, ”Johnny” fra Molde, som sleit med å få komme til behandling i Tyrilikkollektivet. Samtidig dekkta Anita opp Molde kommune som på denne tida var i midt i arbeidet med ny ruspolitisk handlingsplan. Vi fekk også fortvila henvendelsar frå hjelpeapparatet, som gjerne ville ha fokus på vanskane med å skaffe behandlingsplassar for narkomane. Frå andre hald fekk vi oppmodingar om å sjå på narkoproblema generelt, og spesielt sjå på problemet knytta til skulane i byen og distriktet.

Vi erkjende at avisa berre sporadisk hadde dekkta problema rundt rus i småbyen vår og på distriktet, og i den grad det var gjort var det helst med politiet som einaste kjelde.

Det var med andre ord eit stort behov for å ta ein grundig gjennomgang på forholda.

## B) Sentral problemstilling ved start

Vi ønska ei brei belysning av problema knytta til rus og rusomsorg i byen/nærområdet. Vi ville få fram at dette kunne gjelde mange, om enn på forskjellig vis. Vi ville ved å bruke ulike innfallsvinklar vise at omfanget av rusproblemet var større enn det som før hadde vore presentert, og vi ville fronte dei som hadde ansvar i situasjonen. Vi ønska også å ha med positive inngangar, vise litt av det som vert gjort for å forebygge og avhjelpe situasjonen. Vi var merksam på at forkjær vinkling, til dømes mot dei verst stilte narkomane både lett kunne ende i sosialpornografi-grøfta, og "isolere" problemet til å gjelde nokre få.

## C) Endring undervegs

Utfordringa skulle vise seg å bli avgrensing.

Vi definerte raskt "rus" til å gjelde narkotika i denne samanhengen, og hadde først planlagt ein serie på 8-10 saker. Frå fråhaldsrørsla fekk vi tidleg kritikk for at vi ikkje i større grad vektla alkohol som inngangsport til narkotika. Dei poengterte dessutan at alkohol totalt sett var eit større samfunnsproblem enn narkotika. Men vi såg at reportasjeserien ville verte altfor omfattande om vi også skulle inkludere dei lovlege rusmidla. Som ein kuriositet kan vi nemne at vi fra andre deler av fråhaldsrørsla fekk blomster etter at vi var komne omtrent midtvegs i serien.

Vi endra vel ikkje problemstilling undervegs, men utvikla og utvida serien ettersom vi opplevde både at sakene ga nye saker, og at vi fekk uvanleg stor respons. Det hagla med tips, innspel og kommentarar. Etter 25 reportasjar fann vi å måtte runde av, sjølv om det var stoff til meir.

## D) Organisering av arbeidet

Planarbeidet i forkant og undervegs vart gjort i samarbeid med redaksjonsleiinga, primært nyhetsredaktør. Her sette vi mellom anna opp tema og rekkefølge for dei ulike reportasjane, kva kjelder vi vil bruke; formelle og uformelle, muntleg og skriftlege, åpne som skjulte kjelder.

I ein start/research-fase der vi saman oppdaterte oss på området, hadde vi møte med dei narkotikaansvarlege hjå politiet, sosialetaten, og gikk i retten i ei sak som gav eit innblikk i forholda i miljøet og måten narkomane vert møtt av "lokalsamfunnet".

Det første intervjuet (av ein narkoman) gjorde vi saman, før vi fordelte jobbane mellom oss. Vidare jobba vi kvar for oss med bestemte saker, men det var sjølvsagt likevel stadig dialog og diskusjon, utveksling av informasjon og oppsummeringar undervegs.

Vi las også oftast gjennom kvarandre sine saker, bremsa og dytta kvarandre ettersom ting heldt på å ta av litt for kraftig - eller gå i stå. Interessant å jobbe i team, for oss som sjelden har høve til det.

Kvar sak er forskjellig, men dei fleste er basert på både formelle og uformelle kjelder. Vi brukte ein del anonyme kjelder, i desse tilfella innhenta vi den grad det var muleg informasjon også frå andre kjelder, for å kvalitetssikre.

Vi la vekt på å sette ting i samanheng, kombinere case med faktaopplysningar.

Kjeldene fann vi "i miljøet", blant pårørende, i hjelpeapparatet, politiet, skolen, blant folk flest med befatning med problemstillingane. Mange kom også til oss etter som serien gikk sin gang. Sjå ellers kommentarane til kvar einskildreportasje.

### E) Kildevern

Allerede før vi startet serien hadde vi skaffet oss flere kilder innenfor hjelpeapparatet. Felles for dem var at de var underlagt taushetsplikt. Gjennom noen av dem fikk vi til dels fortrolig informasjon slik at vi kunne danne oss et bakteppe for serien. Kildene valgte å gi oss innsyn fordi de mente temaet var viktig, selv om de visste at de strengt tatt brøt taushetsplikten.

Også i forhold til disse kildene måtte vi være kritisk og ta med i betraktningen at de selvsagt hadde sine motiv for å gi oss fortrolige opplysninger.

Uansett var det uhyre viktig å være forsiktig slik at kildene ikke kunne spores. Noen ble derfor vernet også internt i redaksjonen. Det samme strenge kravet til kildevern hadde vi også i forhold til kilder i "miljøet", og andre som kom til oss med opplysninger.

### 7

#### **Tidsbruk**

Serien gikk frå 22. januar til 25. mars, med 25 reportasjar som kom med litt ujamne mellomrom i denne perioden. Stort sett fekk vi sette av den tida vi hadde bruk for til desse sakene. Ein av oss blei i stor grad fristilt frå andre oppgåver for å arbeide med serien. Vi jobba også med andre saker parallelt, men hadde aksept for å prioritere "russakene" - som jo også ga uttelling i form av mange oppslag og legg.

Noko overtid vart brukt, kanskje ca 10 timar kvar, for å ferdigstille saker som skulle på til neste dag, pluss en god del timar ubetalt overtid. Arbeidet influerte på fritid gjennom mange henvendelsar også etter arbeidstid.

### 8

#### **Respons:**

Vi fikk tidlig en enorm respons på reportasjeserien. Det var tydelig av vi var inne på et saksområde der det var lite kunnskap både hos autoritetspersoner og blant "folk flest". Blant annet opplysninger som at det var så mange som 50 sprøytenarkomane i Molde, at ungjenter solgte sex mot dop, og omfanget av rusproblemene i Fræna og Eide, sjokkerte mange og førte til engasjement i lokalsamfunnet.

Både i forkant, underveis og i etterkant opplevde vi en svært god støtte fra kolleger i avisa, og ikke minst fra våre redaktører. Redaktørene var også gode støttespillere i den løpende diskusjon om etiske aspekt, vinkling og vektlegging. Også fotografene viste stor kreativitet og engasjement i bildeleggingen av serien.

Serien har dannet utgangspunkt for flere ledere og kommentarartikler i avisen. Også på debattsidene har serien utløst stor aktivitet. Ingenting av dette er tatt med i vår oversikt her.

I ettertid var det svært oppmuntrende å få Journalistprisen 2003 for Møre og Romsdal for serien.

Det ble ikke påvist en eneste konkret feil i de opplysningene vi brakte til torgs, derav heller ingen dementier. I den grad vi fikk kritikk, gikk det på vinkling og vektlegging.

9

### Artikler som har stått på trykk:

22.01.2003- **Hjelp meg ut av rushelvete:** «Lise» (26) vil ut av narkohelvete. Men hun trenger hjelp. Så langt har fylkeshelsesjefen vendt tommelen ned for det behandlingsopplegget både «Lise» og støtteapparatet rundt henne har tro på. Romsdals Budstikke starter i dag en serie der vi setter søkelyset på rus og rusomsorg i Romsdal.

1.sideoppslag

#### Undersaker:

- Et helt voksenliv i rus
- Parallell til Johnny-saken
- Faktaboks om Tyrili

Kommentar: Vi fikk kontakt med "Lise" og kjennskap til hennes historie gjennom kilder i hjelpeapparatet, og var til stede i en rettsak mot henne. "Lise" vurderte en stund å stå fram med fullt navn og bilde, men vi ba henne tenke seg godt om. Hun fant til slutt ut at belastningen ville bli for stor, og vi vurderte at hennes historie ikke ville tape seg ved at hun sto fram anonymt.

23.01.2003 **Tvil om habilitet:** – Det vert «bukken og havresekken» når styrarane ved dei lokale institusjonane sit i gruppa som avgjer om rusmisbrukarar skal få plass i institusjonar utanom fylket, seier sosialsjef Stein Veland.

1. sidehenvisning

#### Undersaker:

- Eget valg har alt å si for motivasjonen (Intervju med "Johnny")
- Full tillit fra fylkeshelsesjefen
- Faktaboks om Tyrilitunet

Kommentar: Sosialsjefen kom med ganske friske utspill i dette intervjuet, og satte fingeren på en problemstilling vi vet mange kommuner sliter med. Vi fant det også relevant å intervju "Johnny" igjen for at han kunne utdype hva eget valg av behandlingssted har å si for motivasjonen.

25.01.2003 **50 sprøytenarkomane i Molde:** Mellom 45 og 50 personer i Molde går på heroin. De aller fleste av disse er sprøytenarkomane. Tallet bekreftes av politiet og sosialkontoret. I Vestnes ble det i fjor registrert 45 narko-saker, og gjort 28 beslag av narkotika. Folk som kjenner miljøet i Molde og Romsdal sier situasjonen er helt ute av kontroll.

1.sideoppslag

#### Undersaker:

- 45 narkosaker i Vestnes, ingen i Nesset
- Statistikk over narkotikasaker i romsdalskommunene
- Mye rohypnol og heroin
- Faktaboks om heroin

Kommentar: Denne reportasjen ble til som følge av en telefonrunde til alle lensmannskontor i distriktet. Den ga et ganske grundig bilde av situasjonen i de enkelte kommunene. Statistikken fikk vi fra Nordmøre og Romsdal politidistrikt. Hovedsaken, 50 sprøytenarkomane, var tall vi fikk fra Molde-politiet og som ble bekreftet av sosialsjef Stein Veland.

28.01.2003 **Angst av hasj:** For Egil Bjørnerem enda hasjflørten i manisk-depressiv sjukdom. – Det er «russisk rulett» når sårbare unge eksperimenterer med «troskyldige» stoff, seier psykiater Heidi Bjørnerem.

1. sidehenvisning

Undersaker:

- Privat korstog mot narkotika
- Psykiater: - Russisk rulett

Kommentar: Egil Bjørnerem er kjend lokalt, mellom anna etter deltaking ved fleire skolar i forebyggjande samanheng, og ved kurs for helsepersonell. Her står han fram og fortel si historie, og kva helsekonsekvensar rusinga førte til.

30.01.2003 **Lite kunnskap men mye vilje:** Politikerne våre vet lite konkret om omfanget av narkotikaproblemet. Men det er mye uttalt vilje til å gjøre noe med det. Slik kan vi grovt konkludere etter å ha stilt et knippe på 17 lokale politikere 10 spørsmål knyttet til rusproblematikken.

Kommentar: I forarbeidet og i starten av reportasjeserien, fikk vi ganske fort mistanke om at våre politikere hadde lite innsikt og kunnskap om narkotikaområdet. Vi utarbeidet 10 spørsmål for å teste et knippe sentrale politikere. Noen reagerte svært ”snurt” på at vi tillot oss å blottlegge deres manglende kunnskaper på denne måten. ”Jeg skjønner ikke hvorfor dere spør meg om dette”, sa en varaordfører i en av Moldes nabokommuner.

31.01.2003 **Sperra ute langarane:** Ved Romsdal videregående skole i Molde måtte skoleområdet avsperrast for å få bukt med trafikken av langarar som selde dop og sprit til elevane – midt i skoletida. – Dette hjelper. Vi satsar no også på forebyggjande arbeid og miljøtiltak, og har kursa alle lærarane, seier skoleleiinga.

1.sideoppslag

Undersaker:

- Rusa lærlingar får yrkesproblem
- Skole med fritidstiltak

Kommentar: Bakgrunnen for reportasjen er forespørsel frå oss til fleire etatar om situasjonen ved dei vidaregåande skolane lokalt, i tillegg til samtalar på skolen

04.02.2003 **16-åringar betaler dop med sex:** Sex er blitt et vanlig betalingsmiddel i Moldes dopmiljø. Jenter ned til 15-16 år bruker den mest nærliggende «valuta» for å skaffe seg narkotika. Bussholdeplassen i Molde er et av stedene hvor doptrafikken skjer.

1. sidehenvisning

Undersaker:

- Sexsalg: Et tabubelagt område
- Dette er langerne
- Likestilling på steinaldernivå

Kommentar: Også i denne saken brukte vi anonyme kilder i rusmiljøet og i hjelpeapparatet. Men deres opplysninger ble bekreftet av åpne kilder, blant annet i Rusteamet og fra Sosialkontoret.

05.02.2003 – **Kommunene må ta ansvaret:** Det er kommunen selv som må gripe fatt i problemet med et stadig økende narkotikamisbruk. Det sier sosialminister Ingjerd Schou, som i går besøkte Molde. Schou er klinkende klar i ansvars plasseringen, og mener politi og barnevern i fellesskap må plukke nybegynnerne i narkomiljøet.

1. sideoppslag

Undersaker:

- Inspirert av Høyre-statsråd
- Hjelp til et normalt liv på Smia
- Schou ber om skjerpet kontroll av rusbrus

Kommentar: I ettertid fikk vi kritikk for at vi i denne reportasjen knyttet Smia opp til rusproblematikken gjennom tekst og bilder. Smia er et prosjekt innrettet mot langtidsledige sosialhjelp-mottakere. Deltakere i prosjektet og de ansvarlige bak følte seg stigmatisert gjennom denne koblingen. Selv mente vi at vi i reportasjen hadde gjort helt klart hva som var hva.

07.02.2003 **Familietilbud på Veksthuset:** Veksthuset etablerer neste år familieavdeling. - Barn av rusmisbrukarar lever med uordna forhold, skuffelsar, vald og overgrep. Dei held problema for seg sjølv, og får ofte seinskader, seier rådgivar Ellen Kvan Dahle ved Veksthuset.

1. sideoppslag

Undersaker:

- Foreldre går til barnevernet
- Barnevernsaker i kø

Kommentar: Sjølve saka bonussak, opplysning om nyetablering kom fram under andre samtalar.

11.02.2003 **Nytt liv med metadon:** Livet på kjøret med sprøyter og småkriminalitet er historie for «Hans», som var mellom dei første i Molde som begynte med metadon.

1-sidehenvisning

Undersaker:

- To døde i metadonkø
- Faktaboks; metadon

Kommentar: Fekk intervju med Hans via kontakter med oversikt over metadonsituasjonen lokalt. Historia bekrefta av folk rundt han.

13.02.2003 **Molde rus-tafatt?** Fagpersonene Åge Svendsen og Ole Lorvik i narkotikaomsorgen spør om den politiske ledelsen i Molde ikke fatter alvoret i sin egen narkotikasituasjon. Gang på gang har kommunen neglisjert innspill, hevder de.

1. sidehenvisning

Undersaker:

- Ordføreren kom ikke til narkomøte
- Påstandene helt "på trynet"
- Ordføreren vil handle
- Faktaboks om "Plata-planen"

Kommentar: Gjennom samtaler vi hadde med fagpersoner innenfor rusomsorgen kom det fram at Molde i liten grad hadde gjort seg nytte av fagressursene som ligger rett utenfor stuedøren. Ordføreren kjenner seg ikke igjen i kritikken, men tar initiativ til et møte med de samme fagpersonene. Lederen i helse og sosialstyret karakteriserer påstandene som "helt på trynet".

15.02.2003 **Fikk ikke akutthjelp:** "Marthe" (18) ville ut av heroin-helvete. Men når abstinensen rev i kroppen og hun søkte hjelp, ble hun vist fra lege til lege, fra institusjon til institusjon. Ingen ville ta ansvar og gi henne hjelpen hun trengte.

1. sidehenvisning

Undersaker:

- - Narkomane lavstatus
- Tør ikke fortelle om alt det vonde
- Abstinens-helvetet
- Samlet mot rus uten avholdsløfte
- Ordføreren vil ha møte om samarbeid

Kommentar: Igjen en sak vi fikk som følge av serien. "Marthe" møtte oss sammen med en person fra hjelpeapparatet og en slektning. Et par måneder etter at reportasjen sto på trykk, tok "Marthe" sitt eget liv.

18.02.2003 **Oppgjør med myte:** Leder Ole Lorvik ved Veksthuset i Molde tar nå et oppgjør med myten om at byens narkotikaproblem startet med etableringen på Glomstua for 15 år siden.

### 1. sidehenvisning

#### Undersaker:

- Faktaboks; Flest fra Molde

Kommentar: Vi valgte bevisst å holde igjen reportasjen om Veksthuset. Når vi tidligere har vært innom narkotikaproblematikken har det vært nærliggende å gå til Veksthuset som kilde. I denne reportasjeserien ville vi ha fram at narkotikaproblematikken er langt mer enn Veksthuset, men at det selvsagt hører med.

19.02.2003 **Narkomane uten bolig:** «Hans» (35) har stått i boligkø i Molde i fire år. Så snart hans rushistorikk blir kjent, slås dørene igjen.

### 1. sidehenvisning

#### Undersaker:

- Borettslag sier nei til narkomane
- Sosialsjefen lover bolig til "Hans"
- Vanskelig identitetsbygging
- - Veksthuset har ikke skylden

Kommentar: "Hans" tok selv kontakt med oss som følge av serien. Det samme gjorde Grete Flemmen som i sin hovedfagsoppgave "Identitet, personloighet og fysisk aktivitet" viste at rusmisbrukere etter behandling opplever det svært vanskelig å komme tilbake til samfunnet.

24.02.2003 **«Vi har ikke lov å gi opp ungene våre»**  
Støtteforeningen mot stoffmisbruk i Molde utgjøres i hovedsak av foreldre til barn med rusproblemer. Etter et knapt års drift, ser de med bladete følelser på at medlemsmassen vokser. Foreldre er ofte de siste som oppdager at ungen ruser seg.

### 1. sideoppslag

#### Undersaker:

- Faktaboks; signaler du skal se etter ved mistanke om rusmisbruk
- Faktaboks; 10 råd til foreldre

Kommentar: Tre foreldre i Støtteforeningen mot stoffmisbruk valgte å stå åpent fram. Representanter for denne foreningen har vært pådrivere og nyttige kilder gjennom hele serien.

26.02.2003 **Rusplan til sju millioner:** Molde kommune sender Ruspolitisk Handlingsplan ut til høring. Skal Molde følge opp planen, vil det koste sju millioner ekstra i året. Mesteparten av midlene vil gå til boligformål og ettervern. Men ingen «friske midler» er knyttet til planen.

### 1. sideoppslag

#### Undersaker:

- Dette er Moldes problemområder
- Særlig utsatte



Kommentar: Vi har "ligget på" Ruspolitisk handlingsplan for Molde i lang tid, og når den nå sendes ut til høring, kan vi presentere innholdet i den nærmest før politikerne får lest den. Et omfattende dokument som vi i første reportasje velger å presentere kun hovedlinjene i.

27.02.2003 **Slik vil Molde stoppe dopet:** Molde har store mangler i sin rusomsorg. Ruspolitisk handlingsplan, som går ut til høring nå, peker på mange veier ut av uføret. Spørsmålet er om politikerne er villige til å betale det planen koster.

1. sidehenvisning

Undersaker:

- Utekontakt i "sviktsonen"
- OBS på hybelboere
- Aktivitetstilbud
- Miljøarbeidere
- Boliger til rusmisbrukere
- Barnevernvakt
- Faktaboks, andre tiltak
- Faktaboks, risikosituasjonene

Kommentar: Her presenteres en del av virkemidlene i handlingsplanen.

05.03.2003 **Ein annan dans i Tomrommet:** For 2-3 år sidan møtte berre nokre få opp på den rusfrie ungdomsklubben på Skjevika. Miljøet var prega av hærverk, innbrot og stoffproblem. No er alt heilt annleis.

Kommentar: Ungdomsklubben plukka ut som eksponent for ei meir "positivt" vinkla sak. Fleire henvendelsar om tilsvarande, og ønske om å balansere / speile at ungdom flest har eit nøkternt forhold til dop

08.03.2003 **Lover økt narkokamp:** Politimester i Nordmøre og Romsdal, Arnstein Nilsen, lover intensivert kamp mot narkotika. Romsdals Budstikke har stilt politimesteren 20 spørsmål om temaet. Ved Vestnes lensmannskontor gir økt kamp mot narkotika alt resultater. Vestnes hadde 45 narkotikasaker i fjor, like mange som de øvrige landkommunene i Romsdal til sammen.

1. sideoppslag

Undersaker:

- Skjerpet innsats ga mange narkosaker

Kommentar: Gjennom arbeidet med serien fikk vi inntrykk av at politiet var nokså halvhjertet i sitt arbeid mot narkotika. Politimesteren lover økt innsats i året som kommer. Samtidig viser vi til erfaringene i Vestnes, som ligger i et annet poltidistrikt, der målrettet innsats ga konkrete resulater.

13.03.2003 **Fræna fristed for dop:** Narkotika omsettes åpenlyst midt på lyse dagen utenfor vinduene til lensmannen i Fræna. Lensmannskontoret er ubetjent på kveld og natt, dette gjør Fræna til rene fristedet for dop. Så seint som natt til i går, var det dopparty i flere

leiligheter i Fræna. Til stede var 30-40 ungdommer fra Molde og Fræna. Politiet innrømmer nå at det har fått gjort for lite.

1.sideoppslag

Undersaker:

- Lensmannen: - Dessverre riktig beskrivelse
- Frykter borgervern-tilstander
- Advarer mot borgervern
- Faktaboks; Her er prislista

Kommentar: Igjen tips vi fikk som følge av serien. Beskrivelsen av forholdene er basert på flere anonyme kilder, men blir bekreftet av lensmannen. Her har vi også med ”prislista” på en del tjuvegods som byttes mot dop.

14.03.2003 **Til kamp mot dopet:** Unge og voksne i Fræna har teke opp kampen mot narkotika gjennom Cafe Nettopp og arbeid i Folkeaksjonen mot narkotika. Dei meiner folk må engasjere seg og skape motvekt mot dopkulturen.

Undersaker:

- Ros til rusfrie Cafe Nettopp

Kommentar: Direkte respons på forrige sak

15.03.2003 **-Dopsalg i storefri:** Elevar ved Fræna ungdomsskole opplever langarar som like ved skolen omset stoff i storefri, både til ungdomsskole-elevar og eldre ungdom. Andre meiner problemet er overdrive.

Undersaker:

- Foreldre på banen
- Ordføreren: - Kommunen vil ta ansvar
- Rektor: - Problem, men ikkje på skolen

Kommentar: Vi fekk fleire tips om dette, og dro ut og fekk dei unge i tale. Ulike oppfatningar om omfanget. Foreldre/foresatte for intervjuar elevar vart kontakta for å få godkjenning av kommentar til avisa. Skolens foreldretvåg kallar inn til møte.

20.03.2003 **Sniffar amfetamin:** Aukande rusproblem i Eide, der ungjenter ned i 14-årsalder sniffar amfetamin. Lars Hasselgård frå Legesenteret og Ingeborg Hjertvik frå Helsestasjonen er forskrekka.

1. sidehenvisning

Undersaker:

- Elevene: - Er hysj, hysj.....

Kommentar: Helsevesenet dokumenterer problemet, men tilfeldig spurde ungdom vegrar seg for å snakke.

21.03.2003 **Verdal ga ikke opp:** Verdal i Nord- Trøndelag har vist at det nytter å ta opp kampen mot narkotika og kriminalitet. For halvannet år siden startet en voldsom mobilisering mot rusmiljøene. I dag ser trønderkommunen målbare resultater.

Undersaker:

- Faktaboks; Her er tiltakene

Kommentar: Ved avrundingen av serien fant vi det på sin plass å løfte blikket ut over grensene for vårt distrikt og se på erfaringene de har gjort andre steder.

25.03.2003 – **Hold trøkket oppe mot dop:** Moldekvinnas «Randi» har brukt fleire tiår av livet sitt på rusmisbruk, og opplever nå fortvilet at nye unge går i rus-fella. Ho ber politi og politikarar, foreldre og andre om ta opp kampen mot narkotika, og holde oppe det trøkket som temaet har hatt siste tida. Med «Randi»s appell avrundar Romsdals Budstikke artikkelserien om rus, eit tema som har engasjert svært mange.

1.sideoppslag

Kommentar: ”Randi” henvende seg på eit tidlegare tidspunkt i serie med sine erfaringar, ville anonymt fronte advarsel frå gamlegarden av misbrukarar.

Sjølv oppsummerte vi serien med ein avsluttande kommentarartikkel og gjenga i faksimile samtlige reportasjer i serien.

**PS:** Reportasjene er skrivne både på nynorsk og bokmål. Difor vel vi også i metoderapporten å nytte begge målformer om kvarandre

Molde 20. januar 2004

Anita Vingen

Svein Bjørnerem